



***Eilev Groven Myhren** er filolog og oversetter. Myhren har solid folkemusikkbakgrunn, i tillegg til hovedfag i musikk med norsk, norrønt og folkloristikk i fagkretsen. I 2006 oversatte han J.R.R Tolkiens **Lord of the Rings** til nynorsk med tittelen **Ringdrotten**. For dette arbeidet fikk han nynorsk litteraturpris. I denne artikkelen beskriver han slåttemusikkens vandringsveier i Norge på 1700, 1800- og tidlig 1900-tallet.*

Eilev Groven Myhren

Slåttevandring

Slåttar og folketonar har vandra, nett som eventyra. Skilnaden på slåttar og eventyr er at ein i dei fleste høve kan spore kjelda, av di spelemenn har vore sers medvetne på tradisjonslina si. Difor er det ofte lett å spore kjelda, når spelemannen sjølv har kjennskapen i orden. Slåtten veks og trivst i eit tradisjonsmiljø, og frå gamalt av har dette miljøet vore knytt til den heilskaplege bygdekulturen i Noreg.

Kvar dal og mest kvart område innanfor tradisjonsområdet har utvikla sin sereigne speldialekt. I dag er det kanskje meir turvande enn nokon gong å vera medveten på dette, slik at ikkje alt glid i hop i ein felles stil. Tidlegare, då avstandane var større, vart slåttane omsette til ein ny dialekt når dei vart planta inn i ein ny tradisjon.

Det motsette av vandre slåttar, er slåttar som kan reknast attende i bein tradisjon på ein stad. Slik er det med ein handfull slåttar frå Tinn, Seljord eller til dømes Sogn. Dahle-spelet på Tinn har til dømes slåttar som kan reknast attende i bein line til den første spelemannen frå Tinn, Brynjulv Olsson, som levde tidleg på 1700-talet. No har det seg elles slik at om ei

line er ubrotten på ein stad, hindrar det ikkje andre spelemenn i å ta opp slåttar derifrå og omplante dei. Seljord-slåttar har til dømes vandra til Bø, og vakse seg store der, eller, små kryllingslåttar og Flesbergslåttar har fare så langt som til Valdres og brøytt heilt om. Eit døme på dette er springaren Fagerdalen, som opphavleg skal vera ein liten Pålsson-slått frå Flesberg (for det meste kalla Flesbergen). Ola Pålsson levde frå 1771 til 1845. Kven som førde han til Valdres, veit vi ikkje visst, men vi veit at storforma som er nytta i dag skriv seg frå Olav Okshovd, som bygde han ut til ein storslått og kalla han Fagerdalen. I Telemark er lina lettare å følge: Det var Myllarguten som førde slåtten inn i telemarksspelet.

Av slåttar som har vandra kan ein grovt rekne to slag: slåttar der det er tydeleg at opphavet er kjend, gjennom overlevert namn på spelemannen, eller gjennom namn på eit distrikt, slike som Rekveen (etter Nils Rekve) eller Flesbergen. Med noko statistisk materiale kan ein slik rekne ut kvar slåtten opphavleg hørde heime og korleis slåtten sidan vart flytt med kjende spelemenn på ferd over fjellet. Den andre typen er slåttar som er komne ”på ei fjøl”, der melodimaterialet tykkjest vera kjend

frå gamalt av både på Austlandet og Vestlandet, slik at det ikkje er så beintfram lett å få sagt noko om alder eller vandringsvegar. Mange av desse slåttane har og vore spela på langeleik, og kan tykkjest vera svært gamle. Slåttar som Førnesbrunen, Nordfjorden eller Rotneims-Knut høyrer til desse. Nokre gonger kan ein og kjenne att melodiske trinn frå seljefløyte eller munnhorpe, til dømes i springaren *Skinnrøya* eller *Skraddarlåtten*. Slåtten er openberrt tufta på ein naturskala, og seinare brøytt om til hardingfele. Korleis strengene på fela er nytta, seier og noko om alderen på slåtten. *Skinnrøya* er spela på tre strenger, og bassen er berre nytta som laus bordun. Dette kan og vera ein peikepinn om tradisjon attende til ei tid då fela berre hadde tre strenger.

Springaren *Nordfjorden* er eit godt døme på slåttar der opphavet ikkje er visst. I den mest einfelte forma kan slåtten spelast mest som ein masurka, på lag. Slåtten har opphavleg berre seksten taktar, og kunne likesovel ha vore ein masurka. Namnet skriv seg ikkje nett frå Nordfjord, med heller frå Norafjorden øvst i Hordaland, i følgje spelemannen og slåttegranskaren Arne Bjørndal. Slåtten har spreidd seg og vandra til Hardanger og så til Telemark, til dømes med *Myllarguten* midt på 1800-talet, og etter dette vakse til ei stor slått som lenge vart rekna som obligatorisk for dei fleste spelemenn. Vestlandsteorien held ikkje heilt når ein og veit at den gamle forma *Valdreskvelden*, som er nytta i Valdres, er knytt til forteljinga om brurbåten som gjekk rundt på Sperillen i 1771. Difor kan slåtten seiast å ha opphav både nedst i Valdres og øvst i Hordaland, og den opphavlege forma lyt finnast ein annan stad enn desse. Det vi veit med visse, er at både områda ligg utanfor det sentrale hardingfeleområdet, og at slåtten kan ha vore spela på vanleg fele. Men det var i alle høve på 1800-talet at slåtten la ut på vandring og vart bygd ut. I dag finst han i ei mengd variantar over heile tradisjonsområdet.

Springaren *Grimeliden*, som har namnet sitt etter den første spelemannen i Krødsherad vi kjenner, Guttorm Olsson Grimelid, er vi tolleg visse på tek utgangspunkt i Krødsherad. Guttorm Grimelid levde sist på 1700-talet.

Slåtten han spela, var einfelt i forma, og vart levert vidare om lag i same form til spelemenn i Krødsherad etter han, før han vart skriven ned av Truls Ørpen kring 1910. Grimelid var i lag med mellom andre Knut Lurås frå Tinn, og Luråsen førde slåtten inn i Telemarksspelet. Her finst han i to storformer, den eine i tradisjon etter Leiv Sandsdalen og Gunnulf Borgen, den andre etter Olav Groven. Både slåttane er rekna som meisterstykkje i telemarksspelet. Til Hallingdal kom slåtten gjennom Harald Langåker, som sidan lærte han bort til spelemenn etter seg. Slåtten vart skriven ned i Hallingform etter Sevat Sataøen frå Ål. Endå seinare tok nyare spelemenn ein adaptasjon av teleforma i bruk (mellom dei Olav Sataslåtten frå Torpo).

Ei oversikt over vandre slåttane fortel oss at det nok har vore to opphavlege sentra for spel, Krødsherad og Flesberg i aust, og Hardanger i vest. Bakanfor desse kan ein skimte slåttar som er knytt til Sigdal. Men desse slåttane er nok svært gamle, og det er berre to eller tre av dei (Slidringen, Kåte-Reiar).

Den tidlege delen av slåttesoga er mykje omkrinsa av segner, og det er lite handfast materiale. No veit vi at det har vore mykje utveksling mellom Sognefjorden i vest og Hallingdal og Valdres i aust. Frå slåtteinnsamlinga veit vi til dømes at springaren *Skinnrøya* har vore spela i Hallingdal, Valdres og Sogn. Slåtten er tolleg gamal både i Hallingdal og Valdres, og kan daterast attende til første halvta av 1800-talet. No veit vi frå andre kjelder at det var mykje ferdsle til Lærdal og Aurlandsdalen på 1700-talet, nett frå desse dalføra. Ei segn fortel og om spelemannen Per Gudvangen (fødd 1710), at han gjekk gjennom isen og blei på vegen frå Lærdal til Hallingdal. Ut frå dette, og frå ei nærskyldt form av *Skinnrøya*, kan ein gisse seg til at denne springaren kan ha kome over fjellet frå Sogn nett på denne tida. Om det i røynda var Gudvangen som tok slåtten til Valdres eller Hallingdal, eller om spelemenn frå desse dalane henta han vestpå, er uråd å seia. Første spelemann ein veit om i Valdres, Knut Ringestad, levde i alle høve nett på same tida. Han var fødd i 1728.



Bilete frå kappleik i Oslo 1900. Her møttest spelemenn frå Valdres, Hallingdal og Telemark, og det vart truleg utveksla slåttar.

Spelemenn og vandringsveggar

Spelemennene har vore heilt sentrale i omklasseringa av slåttar frå dal til dal. Ein av dei første vi kjenner som bytte slåttar i stor stil, var Knut Lurås frå Tinn. Han levde frå 1782 til 1843, og var ein av lærarane til Myllarguten. Knut reiste til Hardanger, der han var i lag med Nils Rekve og andre spelemenn, og han kan ha fare til Valdres med. Luråsen dømde godt om Rekvespelet, og lærde mange gangarar av han, som han sidan førde med seg til Telemark.

Dei mest kjende slåttane Knut hadde etter Nils Rekve, er nok gangaren Tjønningen, som er kjend som Guro Heddeli i Telemark, og Rekveen, som er spela både aust og vest av fjella. Myllarguten reiste som Knut til Hardanger og bytta slåttar der. Desse spelemennene nytta oftast dei vanlege ferdslevegane over fjellet, *slepene*, anten Nordmannsslepa eller Hardingslepa. Slik kan vi seia at slåttane gjekk etter same ruta som dei store fedriftene mellom aust og vest.

Lenger nord i landet gjekk ei liknande ferdslerute mellom Hallingdal og Aurlandsdalen, som var mykje nytta, og på

same vis mellom Lærdalsøyra og Vang i Valdres. Difor er det mykje sams spel mellom Vang og Lærdal, og det har nok vore bytta slåttar mellom Aurland og Hallingdal med.

Elles møttest spelemenn gjerne på marknadene, anten det var i Lærdal eller på Kongsberg. Mykje av utvekslinga mellom Numedal og Telemark gjekk føre seg her. Flesberg og Hovin i Telemark (i dag ein del av Tinn kommune) skal ha hatt mykje sams spel i eldre tid. Elles var det marknad på Bragernes, mykje nytta av hallingar og kryllingar. Flesberg er eit serskild døme. Bygdene her har eksportert fleire slåttar enn dei har importert, og staden har vore kalla ein slåttegruve for spel i Telemark. Mykje spel kom og til Hallingdal gjennom Tor Grimsgard frå Nes, som var mykje i lag med spelemenn frå

Numedal og Krødsherad på Kongsbergmarken. Utvekslinga mellom Krødsherad og nedre Hallingdal har elles vore jamn gjennom heile 1800-talet, slik at ein kan rekne eit tradisjonsområde frå Krøderen og nordetter til Nesbyen. Vel ein tredjedel av kryllingslåttane som er teke vare på har variantar i nedre Hallingdal.

Ein annan møteplass for spelemennene, var *dansefestene*, som ofte låg på fjellovergangane mellom dalane, eller langs slepene. Vaset mellom Gol og Aurdal er eitt døme, Raumyra mellom Krødsherad og Sigdal eit anna. Ein lyt og nemne Filefjell og midtsommarleiken kring Tomaskyrkja der.

Etter 1888 kom det til eit nytt samlingspunkt for spelemenn. *Kapleiksscena* synte seg snart å vera ein sentral møtestad. Ho avløyste med tida og dei gamle marknadene. Tidleg på 1900-talet vart det noko sláttebyte her, mellom anna på kappleiken i Bergen i 1904, og i Kristiania eit par år etter. Her møttest mellom

anna Ola Okshovd frå Valdres med spelemenn frå Krødsherad, og det er truleg at dette førte noko kryllingspel nord til Valdres, som sidan vart teke opp av spelemenn i generasjonen etter, spelemenn som Haldor Røyne og Torleiv Bolstad.

I seinare år har spelemenn vore tradisjonsmedvetne på eit anna vis enn før, og det er ikkje så lett å snakke om "vandring". Spelemenn held seg til ein tradisjon og flyt til ein annan kant av landet, eller dei lærer seg tradisjonen der dei er attåt den dei hadde frå før. Men dei freistar samstundes å halde desse linene frå kvarandre, slik at dei veit at dei ved eitt høve spelar vossaspel, ved eit anna til dømes valdresspel. I dag er det meir turvande at tradisjonslinene vert haldne frå kvarandre og ikkje blanda. Dette gjer noko med sjølve tradisjonen, og har endra noko på synet til spelemennene sidan førre hundreåret byrja. Det er ein vedvarande debatt mellom folke- musikarar om korleis ein skal halde linene frå kvarandre, slik at ikkje alt sistpå læt eins.

*Artikkelen er publisert i NFLnytt nr 52
november 2008*